

Knatten Borettslag
Postboks 7280
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2348 - 19/15467

Saksbehandlar:
Ketil Mikkelsen
ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no

Dato:
21.05.2019

Vedr Bruvegen/Strandvegen - Trafikktryggleik

Viser til diverse førespurnader rundt trafikktryggleik i Bruvegen/Strandvegen, då denne i anleggsfase for senking av Kvassnesvegen, vert nytta som omkøyingsveg.

Bygging av den nye «Knarvikbyen» er ei politisk avgjerd. Lindås kommune beklagar dei ulempene dette medfører, men jobbar for at vegane i Knarvik skal være trygge og framkommelege for både «fotfolket» og bilistar. Bruvegen er valt som omkøyingsveg når arbeidet med å senke den søre delen av Kvassnesvegen startar. Grunna dette, har det i Bruvegen vorte bygd nytt fortau, økt høgd på gjerdet mot barnehagen, og det har vorte etablert ein ekstra fartshump. Tiltaka har og vorte skilta. Vi er open for dialog rundt trafikale forhold og trafikktryggleik, men kan ikkje tillate at det vert laga spesielle ordningar for denne vegen.

Det har frå Knatten borettslag og beburane i Bruvegen vore uttrykt ønskje om trafikkspelar langs vegen. Lindås kommune set ikkje opp trafikkspjel, då det ikkje sjåast på som ei løysing som betrar trafikktryggleiken. Vi tilrår heller ikkje at dette vert gjort i privat regi.

Trafikkspjel har ei krum overflate som gjer det vanskelig å bestemme fart og avstand. Det er ofte og vanskeleg å oppdage fotgjengarar og syklistar i desse. Speglane er i tillegg svært sårbare for skitt, frost og dogg. Følgjeleg er trafikkspelar ei svært upåliteleg informasjonskjelde, og vil lett gje ei falsk kjensle av tryggleik. Av erfaring er og slike speglar særleg utsatt for hærverk.

Vi gjer og merksam på at området er ei 30-sone, og at billistar skal vise omsyn til gåande og syklende. Lindås kommune har og dialog med Nordhordland lensmannskontor, og kommunen har tilrådd politiet å ha eit ekstra auge rundt trafikkforholda på vegen.

Med helsing

Ketil Mikkelsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Atle Dingen
Rune Kilen

Mottakarar:

Knatten Borettslag

Postboks 7280

5020

BERGEN